

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **21.06.2019, kl. 09:30-15:00**  
Møtestad: Indre Sogn psykiatrisenter, Rutlin, Sogndal

## Styremøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Arne Skjelten, HR-direktør  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Trine Vingsnes, fagdirektør  
Margun Thue, stadleg leiar Lærdal sjukehus  
Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus  
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør  
Anya Therese Markhus, avdelingssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Øyvin Myrmel, kst. avdelingssjef  
Toril Taklo, avdelingssjef  
Tore Hågård, seksjonsleiar  
Terje Olav Øen, beredskapssjef

## Sakliste

---

- 051/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 052/2019 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.05.2019
- 053/2019 Administrerande direktør si orientering
- 054/2019 Rapportering frå verksemda per mai 2019
- 055/2019 Risikostyring Helse Førde 1. tertial 2019
- 056/2019 Styringsdokument 2019 – rapportering 1. halvår
- 057/2019 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF
- 058/2019 Investeringsbudsjett 2019 - justering

Saker til orientering:

- 059/2019 Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2019-2020
- 060/2019 Rapportering om program og prosjekt i Helse Førde
- 061/2019 Eventuelt  
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Indre Sogn psykiatrisenter.

### STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING OG OMVISNING

Avdelingssjef Toril Taklo og seksjonsleiar Tore Hågård orienterte om:

#### 1) ORIENTERING OM SOGNDAL BUP

Organisering av PBU i Helse Førde omfattar: Ungdomsavdeling for psykisk helsevern, Førde BUP, Nordfjord BUP og Sogndal BUP.

Sogn og Fjordane har eit folketal på 110.000. Barnetal vise 25.800 for aldersgruppa 0-18 år, og 7.100 for aldersgruppa 0-5 år. Vi møter stor andel av sped- og småbarn samanlikna med resten av landet.

Utvikling siste års i PBU viser:

- ✓ Meir felles fagutvikling og internt samarbeid, mykje via video
- ✓ Fleire legar og overlegar, fleire psykologspesialistar
- ✓ Stabil bemanning
- ✓ Skårar høgt på kvalitetsindikatorar
- ✓ Avviser under 10% av sakene som blir tilviste
- ✓ Pakkeforløp

Kva saker arbeider vi med?

- ✓ Utgreiing og behandling
- ✓ Pasientar opplevd vald, overgrep, omsorgssvikt, mobbing
- ✓ Multirisikofamiliar
- ✓ Levd liv allereie som spedbarn
- ✓ Samarbeid med systema rundt barna
- ✓ Opplæring, kurs og veiledning
- ✓ Mykje førstelinjearbeid

Vegen vidare:

- Fagleg vidareutvikling
- Behalde medarbeidarane
- Opptappingsplan, fleire skal få meir hjelp i kommunane
- Barn og unges helseteneste
- Vidareutvikle samarbeid
- Godkjenning for bruk av tvang i UPH

## 2) OMVISNING VED SOGNDAL AMBULANSESTASJON

Styret fekk omvisning og orientering ved Sogndal ambulansesetasje.

*Styret takka for gode orienteringar og omvisning.*

## **051/2019      Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Nye skriv utdelt i møtet:

- Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2018
- Oppdatert vedlegg sak 055/2019

Punkt til Eventuelt-sak var endring i møteplan med kommunane.

### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **052/2019      Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.05.2019**

Adm. direktør Varden orienterte om 2 rettingar i utsende styredokument:

- Styreprotokoll: Retting til sak 045/2019, tekst i siste avsnitt side 4 der det skal stå:  
«Sjukefråværet var 7,4% i mars.»

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 23.05.2019, med ovannemnde retting i sak 045/2019.

## 053/2019      Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia orienteringa om tre saker i media siste tida.

- Barn, kort orientering v/direktør Hesjedal
- Fengsel, kort orientering v/direktør Tvedt
- Vassforsyning, jf saka i Askøy. Blei orientering i sak 059/60

### 1. Rapportering tilsynssaker

### 2. Oversikt aktuelle høyringar

### 3. Saker til oppfølging etter styremøte

Målet er å legge fram sak om prehospital plan til styremøte i september.

### 4. Månadsrapport Nye Førde sjukehus

Adm. direktør Varden orienterte om at det vert månadsrapportering som fast punkt under AD orientering. Kvartalsrapportering vert styresak til styret.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om månadsrapport for mai.

Kort status om arbeidet:

- Delprosjekt Nybygg psykisk helsevern
- Prosjess med anskaffing av kommande delprosjekt i Nye Førde sjukehus
- Prosjess med rekruttering og styrking av stab i Nye Førde sjukehus

Hovudframdriftsplan vart presentert.

*Styret var godt nøgde med rapporteringa sitt innhald og format.*

### 5. Regional brukarundersøking psykisk helsevern haust 2018-vår 2019

Direktør Tvedt orienterte om regional brukarundersøking i Helse Vest. Regionalt nettverk for pasienterfaringsundersøkingar i Helse Vest gjennomfører årleg (hausten) pasienterfaringsundersøkingar ved utvalde einingar i helseregionen.

Undersøkingane har tidlegare vore gjennomført ved vaksenpsykiatriske døgnpostar, ortopediske poliklinikkar, rehabiliteringstenesta for vaksne, habiliteringstenesta for vaksne, habiliteringstenesta for born og unge.

Siste undersøkinga er no ved vaksenpsykiatriske poliklinikkar/dagposter (+ døgnpostar valfritt). Både dag og døgn (inkl. rus) deltok frå Helse Førde.

Noko å jobbe vidare med:

- Gjennomgang av brukarundersøkinga i avdelingssjefmøte og klinikkråd, med vidare oppfølging av tiltak
- Fokus framover vert informasjon - særskilt fokus i pakkeforløpa, overgangar/ utskriving, og kunnskapsoppdatering for sosionomar ved seksjonane.

## 6. Status NEWS og Trygg pleie

Fagdirektør Vingsnes orienterte om status NEWS og trygg pleie.

### Status NEWS:

NEWS= Systematikk for tidleg oppdaging av sepsis/ forverra tilstand

Gevinsten ligg i å følgje tiltaka. NEWS bør alltid kontrollerast når pasienten kjem til avdelinga, ved forverring og ved uro.

Alle er no i gang. Tiltaksplan framover er:

- 1) Avdelingsvis jobbing no i starten
- 2) Undervisning og motivasjon sengepostleirarar og fagutviklarar
- 3) Simulering og trening
- 4) Målingar – for å kunne følgje og henge opp resultat kvar veke
- 5) Tema ved pasienttryggleiksvisittane
- 6) Utstyr

Ein ventar no med å kunne ta ut rapportar i MEONA, for å sleppe å gjere målingane manuelt.

### Trygg pleie:

Resultat mai i Helse Førde viser:

- Screening fall 71,8%
- Screening trykksår 65,7%
- Screening ernæringsmessig risiko 56,9%

Målsetjing er 90%.

Blankett for trygg pleie i DIPS - Kva trengs for full implementering?

- Kunnskap om ulike forbetningsområde
- Tid/organisering/ressursar
- Motivasjon til register og «skjema-arbeid»

Frå pasienttryggleiksprogrammet: Gevinsten ligg i tiltaka, ikkje screeninga.

Tiltaksplan i Helse Førde omfattar:

- 1) Leiarforankring på alle nivå
- 2) Trygg pleie-resultat på veggen kvar månad i alle sengepostar
- 3) Innføre forbetringstavle alle sengepostar
- 4) Nye rundar undervisning for sengepostleiarar og fagutviklarar
- 5) Vurdere tur til Haraldsplass for nokre/alle
- 6) Ny miniaudit trygg pleie (+NEWS) i november/desember
- 7) Prioritere sengepostar for pasientsikkerheitsvisittar haust 2019 og la dette vere eit viktig tema
- 8) Neste steg er risikotavle ved alle sengepostar (pt. kun Med.avd.)
- 9) Ernæringsstrategi Helse Førde 2020-2025 er nyleg vedteken

*Adm.dir. at skriftlege og munnlege innspel til arbeidet med Trygg pleie er viktig for å lære og samstundes bli betre.*

## 7. Rekrutteringsstrategi legar

Fagdirektør Vingsnes orienterte om rekrutteringsstrategi legar, som er eit delprosjekt under rekrutteringsstrategien for Helse Førde. Utkast til direktiv for delprosjekt er utarbeidd. Nokre døme på innsatsområde som skal vurderast:

- Korleis tilby komplette utdanningsløp mot overlegestilling
- Verkemiddelkasse rekruttering
- Kvalitet i rekrutteringsprosessar
- Velferdstiltak
- «Det gode legelivet» i Helse Førde

Prosjektperiode er haust 2019. Delprosjektleder er fagdirektør.

*Styret kommenterte at dette er eit viktig konsept å jobbe vidare med i strategiarbeidet i Helse Førde.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **054/2019 Rapportering frå verksemda per mai 2019**

### **Oppsummering:**

*Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med si vurdering:*

#### Aktivitet, økonomi og HMS:

Vi hadde høg aktivitet både innanfor somatikk og psykisk helsevern i mai. Resultatet frå sjølve drifta vart 6 millionar, noko som er 3 millionar betre enn budsjett. I tillegg vart resultat ytterlegare forbetra med 5,3 millionar som følgje av postar som ikkje var knytte til mai månad.

- Risikoområde innanfor økonomi er i hovudsak knytt til inntekter frå høgkostmedikament og personalkostnader.

Innan HMS viser sjukefråværet ei positiv utvikling i april. Ein nedgang på 1,9 prosentpoeng er samanlikna med førre månad er likevel i overkant av det vi håpa på.

I mai har vi mottatt meldingar i Synergi som knyter seg til det fysiske arbeidsmiljøet. Meldingane omhandlar bemanning sett i forhold til arbeidsmengde. Adm. direktør tek meldingane på alvor, og det er starta eit arbeid for å undersøke desse.

#### Fag og kvalitet:

På dei fleste område når føretaket målet om ventetid, men på nokre område har vi utfordringar. Dette gjeld poliklinisk utgreiing og behandling innan nokre fagområde. Utfordringa er knytt til låg kapasitet i høve mengda tilvisingar. Tiltaka vi arbeider med er:

- Auka kapasitet ved å leige inn spesialistar som vikarar der det er råd
- Bruke privatpraktiserande spesialist

Når det gjeld sengepostane ser vi ei positiv utvikling knytt til trygg pleie i 2019, men vi har ikkje nådd målet. Vi vil arbeide med dette framover. Eitt av tiltaka er ein eigen strategi for ernæringsområdet.

*Styret kommenterte at resultatene for mai er svært gledeleg.*

*Fagdirektør Vingsnes orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik*

- Synergi – pasientrelaterte saker fordelt på type
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid, viser auke innan kirurgi (urologi og kjeve)
- Utvikling nye fristbrot
- Beleggsrapport
- Stryking planlagde operasjonar

*Styret presiserte at vi har nullkrav til fristbrot. Avtalespesialistar, ei ressursmengde som helseføretaka må kunne disponere, denne ressursen burde vore styrt av Helse Vest. Det er viktig med oppdatert info frå sjukehusa til primærhelsetenesta, for å unngå fristbrot.*

*Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

Vi hadde høg aktivitet både innanfor somatikk og psykisk helsevern i mai.

Sjukefråværet i april var 5,5 %.

Brutto månadsverk var 2228 (28 fleire enn for same periode i 2018) og netto månadsverk var 2095 (47 fleire månadsverk enn for same periode i 2018) i april.

Rekneskap per april viser eit overskot på 11,3 millionar kroner, som er 8,3 millionar betre enn budsjett. Akkumulert resultat til no i år var 16 millionar, som no er snudd til 1 million betre enn budsjettet.

Personalkostnadene utvikla seg positivt i mai med eit mindreforbruk i høve budsjett. Noko av mindreforbruket skuldast lønsforhandlingar med enkeltforbund som ikkje er ferdige. Lønsauken som kjem i desse forbunda, kan vi måtte etterbetale, noko som i så fall vil påverke rekneskapen negativt. I dialogen med klinikkane, fokuserer vi kontinuerleg på personalkostnader. Vi ser òg at vi framover vil ha høg risiko knytt til lønsområdet.

Klinikkvis oversikt viser:

	Resultat mai	Budsjettavvik mai	Budsjettavvik hittil
Kirurgisk klinikk	-38 318	456	-4 497
Medisinsk klinikk	-34 353	4 567	-4 819
Psykisk helsevern	1 707	1 707	4 167
Stabsområde	-38 141	812	3 272
Budsjetteknisk	120 415	768	2873
Sum	11 309	8 309	995

Endra lånevilkår:

Maksimal avdragstid vert endra frå 25 til 35 år. Overgang frå serielån til annuitet har som konsekvens betre handlingsrom i forhold til investering og/eller drift.

Direktør Hesjedal orienterte om Medisinsk klinikk – utvikling frå januar til mai. Det samla totalresultat er på 4,8 millionar.

- Utvikling pasientinntekter: Kodeforbetring første tertial kjem fram i mai-rekneskapan. Høg aktivitet i mai.
- Kreftavdelinga: Betre siste månad enn tidlegare. Rekruttering av onkolog frå hausten. Forttatt utfordrande personalkostnad.
- Medisinsk legeteneste: Klart forbeta dag til dag styring. Tett oppfølging. Personalkostnad i balanse i mai.

### Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per mai 2019 til vitende.

## 055/2019 Risikostyring Helse Førde 1. tertial 2019

### Oppsummering:

Risikostyringa gjev høve til å kontinuerleg overvake risikoelementa og å sette inn nødvendige tiltak. Rapporteringa etter 1. tertial syner at Helse Førde framleis har nokre område der føretaket ikkje når målsettinga. Det vert fortløpande sett inn tiltak for å redusere risikoen.

Risikostyringsindikatorar for Helse Førde 2019					
Indikator	Mål		Status	Utvikling	Kommentar
Risikovurdering fall	90 %		68 %		Vurderingar pasientar over 18 år
Risikovurdering trykksår	90 %		63 %		Vurderingar pasientar over 18 år
Risikovurdering ernæring	90 %		51 %		Vurderingar pasientar over 18 år
Pakkeforløp kreft	70 %		73 %		Del innanfor standard forløpstid
Ventetider somatikk	56		61		Ventetider for behandla pasientar
Fristbrot	0		286 tilfelle		Tal fristbrot helsehjelp starta så langt i år
Direkte time 1. konsultasjon	100 %		89,8 %		Tildelt pasientkontakt innan 10 dagar
Direkte time 2. konsultasjon	85 %		65,3 %		Tildelt pasientkont. innan 24 t etter 1. konsultasjon
Tentative pasientkontaktar	40 %		53 %		Tentative timar bakover og 6 mnd fram
Tentative timar passert tid	0 %		9 %		Tal pasientar som får direkte time
Prosentvis avstandsoppfølging	10 %		8 %		Del av polikliniske konsultasjonar
Sjukefråvær	5,5 %		6,5 %		Sjukefråværet i Helse Førde
Gylne regel - kostnadsvekst	>0%		-2,3 %		Kostnadsutvikling somatikk/PHV
Gylne regel - ventetider	<0		-32 dagar		Kortare ventetid i PHV enn somatikk
Gylne regel - aktivitetsvekst	<0		-1,6 %		Aktivitetutvikling poliklinikk somatikk/PHV
Økonomisk resultat	>0		-7,3 mill. kroner		Resultat i høve til budsjett

Adm. direktør Varden orienterte om tertialrapportering på risikostyring.

Risikostyringsmåla med delmål og risikoelement omfattar:

- Helsefag
- HMS
- Gylne regel
- Utbyggingar
- Avstandsoppfølging
- Oppgåveplanlegging

Styringsmål 3 «HMS er ein sjølvsgt del av arbeidsdagen» er eit sentralt fokusområde. Dei tilsette er dei viktigaste ressursane vi har.



Det er leiinga sitt ansvar å identifisere risikoelement og setje i verk tiltak for å redusere uønska risiko, for på den måten oppnå hensikta med risikostyringa. Dette skal vere eit kontinuerleg arbeid.

Styret ber administrerande direktør om å ta opp med Helse Vest RHF at ein vurderer rapporteringsmalen for risikostyring og styringsdokumentet.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering på risikostyring i Helse Førde 1. tertial 2019 til vitende.

## **056/2019            Styringsdokument 2019 – rapportering 1. halvår**

### **Oppsummering:**

Halvårleg rapport av krav i styringsdokumentet er ein del av grunnlaget Helse Vest RHF har for å rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet.

Rapporten viser gode kvalitetsresultat for Helse Førde HF, der vi i hovudsak oppfyller eigarkrava sett til lokale føretak. Den halvårlege rapporteringa er gjennomført med involvering av aktuelle avdelingar og med tilfredsstillande resultat.

*Avdelingssjef Markhus orienterte om halvårleg rapportering på styringsdokument.*

Rapporteringsdokumentet er omfattande. Vi gjer mykje bra og leverer gode resultat på mange område, men vi har nokre utfordringar. Døme kor vi leverer godt er: antibiotika, epikrise og pakkeforløp.

Vi har utfordringar med: Den gyldne regel, langtidsplanlegging og samskapt planlegging.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek Helse Førde HF sin halvårsrapport for styringsdokumentet 2019 til vitende.

## **057/2019            Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF**

### **Oppsummering:**

Styret har frå 2016 hatt ein årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta, jf. styresak 037/2016 «Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF».

Dokument som er fastsett av staten/eigar er følgjande:

- Rettleiaren «styrearbeid i helseføretak»
- Regjeringa sin eigarpolitikk
- Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa

Styret har sjølv rådigheit over og fastset følgjande dokument:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Fullmaktsstruktur
- Etske retningslinjer

Gjeldande fullmaktsstruktur vart sist revidert i september 2010. Det pågår no eit arbeid med å revidere og oppdatere fullmaktsstrukturen i føretaket. Det er forventa at arbeidet er fullført tidleg haust 2019.

*Adm. direktør Varden orienterte om styrande dokument.*

*Styret kommenterte at dette er ei årleg sak, og styret skal ha dokumenta tilgjengeleg og oppdaterte.*

- Rettleiaren Styrearbeid i helseføretak; vert gjennomgang av ny veileder (1 time) på styreseminar i november
- Nytt delegasjonsreglement; vert gjennomgått i november

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret er kjend med og tek til vitende følgjande styrande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 21.02.2018
- b. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- f. Etske retningslinjer for Helse Førde
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

## **058/2019      Investeringsbudsjett 2019 - justering**

### **Oppsummering:**

Årsresultatet for 2018 vart 58,5 millionar, som er 30,5 millionar betre enn budsjett. Overskotet skal som utgangspunkt brukast til investeringar. Dersom vi i framtida får dårlegare resultat enn budsjett kan ein bruke resterande reserve frå 2018 til å oppretthalde vedteke investeringsnivå.

Administrerande direktør ynskjer derfor å bruke noko av overskotet frå 2018 i 2019 som kjem pasientane og dei tilsette til gode.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret syner til administrerande direktør sitt saksframlegg og vedtar å auke investeringsbudsjettet for 2019 med 5 millionar.

## Saker til orientering:

### **059/2019      Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2019-2020**

*Retting i saksutgreiinga side 5, der overskrift skal vere: «Arbeidsplan 2019-2020»*

#### **Oppsummering:**

Gjennomgang av beredskapsarbeidet i Helse Førde er i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Nokre av tiltaka tek tid å sette i verk i eigen og andre organisasjonar. Det vert gjennomførte regelmessige og tilfeldige table-topøvingar og fullskalaøvingar. Vi reviderer planverk og beredskapssystem ut frå erfaringar frå reelle hendingar, øvingar og endringsbehov i verksemda eller hos samarbeidspartar.

Helse Førde er representert ved beredskapssjefen i regionalt beredskapsutval i Helse Vest, nasjonale beredskapssamlingar mellom RHF-a og i fylkesberedskapsrådet.

Arbeidsplan 2019-2020 omfattar (utdrag):

- ROS-arbeid internt og eksternt samt revisjon av planverk
- Samhandlingsøvingar med kommunane og andre redningsressursar
- Beredskapsarbeid: Tunnelulukker og CBRNE hendingar
- Sikre forsyningstenesta
- Bygge sikkerhetsorganisasjon og ferdigstille arbeidet med tryggingplan
- Elektronisk varslingsordningar for innkalling av personell og innføring av naudnett i sjukehusa
- Revisjon av lagerhald av legemiddel, antidot og infusjon – regionalt/lokalt
- Førebygge antibiotikaresistens
- Samhandlingsplanar for grenseområda Møre og Romsdal, Oppland og Buskerud
- Utvikle sivilt/militært samarbeid

*Beredskapssjef T.O. Øen orienterte om beredskapsarbeid og handlingsplan for Helse Førde. Situasjonen med vassforsyning sett i lys av mediasaker siste tida vart også orientert om.*

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si orientering om beredskapsarbeidet til vitende.

### **060/2019      Rapportering om program og prosjekt i Helse Førde**

#### **Oppsummering:**

Helse Førde følgjer opp prosjekt gjennom porteføljestyring for å sikre samsvar mellom strategiske mål, gjennomføring av tiltak og rett prioritering. Det blir arbeidd med å utvikle porteføljestyringa og å heve kvaliteten i prosjekta gjennom å nytte felles regional metodikk.

Generelt er det høg aktivitet innanfor prosjektarbeid lokalt i Helse Førde, men og regionalt i Helse Vest. Fleire prosjekt arbeider med å utvikle og innføre felles regionale arbeidsprosessar med tilhøyrande systemstøtte, noko som krev mykje ressursar.

I Helse Førde er det særskilt arbeidet med Nye Førde sjukehus som krev mykje av organisasjonen. Første byggesteg (nybygg psykisk helsevern) er starta, noko som vart markert med nedlegging av grunnstein 20. mai i år.

Elles blir det arbeidd med å kvalitetssikre forprosjektet til Nye Førde sjukehus for dei kommande byggestega. Neste byggesteg er nybygg somatikk.

*Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om prosjektrapportering.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa om prosjekt og program i Helse Førde til vitende.

## **061/2019      Eventuelt**

Dialogmøte med KS/kommunane i Sogn og Fjordane vert flytta til 26. september ca. kl. 16, med møtestad Skei hotell. Dette vert etter avslutta styremøte.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:**

- Oppdatert vedlegg i sak 055/2019 «Risikostyring Helse Førde 1. tertial 2019»
- Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2018

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar

---

Aud Ingrid Espeland

---

Reidar Sandal

---

Ole Gunnar Krakhellen

---

Tor Vidar Myklebust

---

Ivar Eriksen

---

Arthur Norevik

---

Randi Aven

---

Ole-Magnus Kapstad

---

Lena Thorsnes